

Møteprotokoll

Utval: Vanylven kontrollutval
Møtestad: Vanylven rådhus - Kommunestyresalen
Dato: 08.02.2022
Tid: Kl. 08:30 - 10:05

Medlemmar som møtte

Evelyn Ystebakk Midtbø
Lasse Thorbjørn Rindal
Paul Sindre Vedeld
Svein Sandvik

Reprenterer

Funksjon

medlem
nestleiar
leiar
medlem

Forfall

Laila Grethe Haugen

Reprenterer

Varamedlem

Lidvar Mindor Kragset

Reprenterer

Andre som møtte

Vest kontroll:
Jostein Støylen

Søre Sunnmøre kommunerevisjon:
Alf-Marius Grønnevik, Forvaltningsrevisor

Kommunen:
Andreas Nørve, Kommunedirektør. Gikk etter sak 07/22.
Lena Landsverk Sande, Ordførar deltok via Teams.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
07/22	Godkjenning av innkalling og sakliste	22/8
08/22	Godkjenning av protokoll	22/8
09/22	Orienteringar	22/8
01/22	Kommunedirektøren - Orientering om seint utlegging av saker	22/14
10/22	Gjennomgang av møteprotokollar 2021	22/8
11/22	Skriv og meldingar	22/8
12/22	Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Lukking av politiske møter	21/473
06/22	Bestilling av prosjektplan for neste forvaltningsprosjekt	22/20
13/22	Årsmelding for kontrollutvalet 2021	22/11
14/22	Møteplan for kontrollutvalet 2022	22/12
15/22	Årsplan for kontrollutvalet 2022	22/9
16/22	Saker til eventuell seinare behandling	22/8

Rovde, 10.02.2022

Paul Sindre Vedeld
Leiar i kontrollutvalet

07/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Saklista vert å justere i høve til praktisk gjennomføring.

Behandling:

Det er registrert feil i saksnummera. Det ser ut til å vere ein automatisk feil i ACOS ein ikkje har funne ut av og som truleg ikkje kan rettast opp.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

08/22 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

09/22 Orienteringar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/22	Kommunedirektøren - Orientering om seint utlegging av saker

Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

Behandling:

Orientering 11/22 Kommunedirektør Andreas Nørve orienterte om årsaka til at saker kan bli seint utlagde. Det vert vist til PowerPoint som vart brukt i orienteringa.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

10/22 Gjennomgang av møteprotokollar 2021

Vedtak:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

11/22 Skriv og meldingar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/22	Kontrollutvalsboka 3-utgave
02/22	KMD - Forskrift om lukking av møte
03/22	Kritiske spørsmål i jobbsamanheng
04/22	Råd om etisk standart i foretak og selskap
05/22	Tredobling av antall dataangrep i 2021

Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

12/22 Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Lukking av politiske møter

Vedtak:

Kontrollutvalet sender sak over til kommunestyret med slikt forslag til vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsrevisjonsprosjektet – Lukking av politiske møter, Vanylven kommune, datert 28.10.2021.
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
 - Kommunen må sørge for at saker som skal handsamast på møtet går fram av innkalling og at sakene blir tilfredsstillande protokollert.
 - Ved lukking av saker med bakgrunn i underlagt lovbestemt teieplikt skal berre den delen av saka der teiepliktige opplysningar går fram

- handsamast i lukka møte.
 - Lukking av saker med bakgrunn i tungtvegande offentlege interesser må lukkinga kunne heimlast både i kommunelova og offentleglova.
 - Ved lukking av eventuelt saker skal informasjon i høve kva saka gjeld samt bakgrunnen for lukking bli protokollert på ein klar og eintydig måte.
3. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren rapporterer om status for gjennomføring av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan 06.05.2022.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet sender sak over til kommunestyret med slikt forslag til vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsrevisjonsprosjektet – Lukking av politiske møter, Vanylven kommune, datert 28.10.2021.
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
 - Kommunen må sørge for at saker som skal handsamast på møtet går fram av innkalling og at sakene blir tilfredsstillande protokollert.
 - Ved lukking av saker med bakgrunn i underlagt lovbestemt teieplikt skal berre den delen av saka der teiepliktige opplysningar går fram handsamast i lukka møte.
 - Lukking av saker med bakgrunn i tungtvegande offentlege interesser må lukkinga kunne heimlast både i kommunelova og offentleglova.
 - Ved lukking av eventuelt saker skal informasjon i høve kva saka gjeld samt bakgrunnen for lukking bli protokollert på ein klar og eintydig måte.
3. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren rapporterer om status for gjennomføring av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan 06.05.2022.

06/22 Bestilling av prosjektplan for neste forvaltningsprosjekt

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ser ikkje at innspelet/protokolltilførsel i formannskapet i Orienteringssak 03/22 orientering 1/22 frå Ingebrigt Berget om at kontrollutvalet bør gjennomgå heile saka vedkomande bygging av Fiskå skule - ny skulefløy og idrettshall er eit forvaltningsprosjekt no.
2. Kontrollutvalet ynskjer eit forvaltningsprosjekt innanfor området Mobbing i skulen/aktivitetsplan og ber revisjonen utarbeide prosjektplan for behandling i neste møte.

Behandling:

Det kom fram i møtet at kontrollutvalet vil som neste prosjekt (2023) vurdere dette: Korleis kommunedirektøren følgjer opp politiske vedtak.

Dagleg leiar si tilråding:

1. Kontrollutvalet ber formannskapet vurdere om kommunedirektøren med evt. bistand frå advokat/konsulent bør utføre ein gjennomgang av heile saka Fiskå skule – ny skulefløy og idrettshall.
2. Kontrollutvalet utset avgjer til neste møte om kva forvaltningsprosjekt med prosjektplan som skal bestillast.

13/22 Årsmelding for kontrollutvalet 2021**Vedtak:**

Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret med slik forslag til vedtak: Kommunestyret godkjenner årsmeldinga 2021 for kontrollutvalet.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret med slik forslag til vedtak: Kommunestyret godkjenner årsmeldinga 2021 for kontrollutvalet.

14/22 Møteplan for kontrollutvalet 2022**Vedtak:**

Kontrollutvalet vedtek møteplan for kontrollutvalet i 2022 i samsvar med sekretariatet sitt forslag.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet vedtek møteplan for kontrollutvalet i 2022 i samsvar med sekretariatet sitt forslag.

15/22 Årsplan for kontrollutvalet 2022

Vedtak:

Kontrollutvalet vedtek årsplanen for 2022 slik den ligg føre.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet vedtek årsplanen for 2022 slik den ligg føre.

16/22 Saker til eventuell seinare behandling

Behandling:

Det kom ikkje fram opplysningar om saker til seinare behandling.